

Kjære FAU-leiar og rektor!

Meir ein 50.000 barn blir mobba på skulen i dag. Elevane har juridisk rett til eit fysisk og psykososialt miljø som styrkjer læring (opplæringslova 9a). Statsråd Kristin Halvorsen har retta fokus mot å redusere mobbing. Men utan å ansvarleggjere og mobilisere oss foreldre, kan arbeidet med å redusere mobbing bli vanskeleg.

Tillitsvalde foreldre si rolle og kompetanse må styrkjast

Klassekontaktane/foreldrekontaktane må mobilisere i arbeidet mot mobbing. Jo, mindre barna er, desto viktigare er det at foreldre blir involverte i arbeidet med å skape eit godt læringsmiljø. Foreldrekontaktane er nøkkelpersonar i å skape eit foreldrefelleskap for ein mobbefri skule. Kanskje ei av dei viktigaste oppgåvene foreldra har, er å samarbeide og støtte kvarandre. Foreldra må krevje at skulen arbeider ut ein handlingsplan og tiltak mot mobbing, i dialog med foreldre.

Nasjonalt tilsyn – elevane sitt psykososiale miljø

Gjennom det årlege nasjonale tilsynet skal fylkesmennene undersøkje om kommunen og skulen har eit forsvarleg system for å følgje opp krava i kapittel 9a i opplæringslova. I år handlar tilsynet om **elevane sitt psykososiale miljø**.

FUG oppmoder kommunale foreldretval og FAU til å følgje med på tilsynet, bidra aktivt med informasjon og følgje med på om kommunen/skulen gjer noko med dei avvika som blir avdekte.

Med helsing



Loveleen Rihel Brenna
Leiar i Foreldretvalet for grunnopplæringa

Vedlegg:

- Aktuelt frå FUG
- Informasjon om kartleggingsprøver frå Utdanningsdirektoratet